

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Rogaland
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bjerkreim
 Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag: Fure bygdi
 Oppskr. av: Torvald Austrundal Gard: Austrundal
 (adresse): Vinneså G.nr. 21 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Måten å reisa folk på:

1. Me kjenner til under slått å verta slegen ründt, eller ved kornskür å verta skoren ründt. Då sejer dei her at han (ho) vart sett på oppsett "å da va felt skamlegt".

2 og 3. ikkjent.

B. Ved å sette namn på folk.

4. I eldre tid, eller lat oss seja ein 60 år attende i tidi, var skikken den her i bygdi at ingen skulde gå til grannen eller grannegarden, sjölve juledagen. Den som gløynde dette forbodet, eller beintpant trassa det, fekk ikkje noko innamn, anen det han hadde gjort vart rekna for eit skam.

5. Den som ~~som~~ ikkje fekk noko nytt kladeplagg til jøl "fekk draga på hoggestabben".

6. Han (ho) "jaga jøli üt".

Søremne 7.

Remning og vadmæl.

Det vanlege er å bruke rennebom når dei skal renna ~~lange~~ ^{lange} vev (60-70 alner). Men det skal lata seg gjera å renna stutte vev utan rennebom. Dei strekker då varpet millom tvo faste punkt, og dette kann vera anten inne eller ute. Den som kemmer lyst då hava eit anna menneskje med seg til å ~~med~~ herja mysterne eller smellerne som garnet er vünne eller snella pa.

Det let seg soleis gjera å renna ein stuttare vev på denne måten, men som di kona sa: "Dø @ et nanna bjerg"

Vebmol er eit ty der både varp og veft er av heil ull, og vert vev anten med 2-3 eller 4 skaft. (Tvískjeft, 3 skjeft eller 4 skjeft) Å veva ein skjeft (einskofte) vebmol kjemmer ingen her til.

Det vanlege er å hava 2 tråder millom tunderne i vevskei. Er det berre 1 tråd i millom kvar tind segjer di at di nev eintrædd. Eintrædd vebmol vert tunt ty, då varptrådarne ligg so langt frå einannan.